

HIELGESTUNDIER



NR 1, 2020 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 88. ÅRG



Celine og biskopen.

Foto: Irene Aase Aarseth

I dette nummeret kan du lese om:

- Arvingane må varslast
- Påskemysteriet
- Biskopen sitt visitasforedrag
- Vil du synge i Lavik kantori?
- Graver som manglar festar
- Dåpsgåva

God påske!

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. I redaksjonen: Bjørnar Otterstein og Andreas Ester
Layout: Bjørnar Otterstein

Pengegåver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 110089

Trykk/oppsett: Husabø Prenteverk

Arvingane må varslast

Ein kan av og til høyre om lottogevinstar som ikkje vert henta, og der ein slit med å finne den heldige vinnaren. Enten fordi denne ikkje er registrert og ikkje har oppdaga at han sit med vinnarloddet, eller fordi han veit han har vunne, men ikkje kan dokumentere det fordi loddet er mista. Det må vere ei trasig oppleving! Då vil gevinsten falle tilbake til lotteriet.

Det å nå ut med melding om dødsfall til dei pårørande, eller til dei som er oppførde som arvingar i eit testamente er sjølv sagt enno meir viktig enn å finne vinnaren i eit lotteri. Bustyraren eller advokaten må syte for kunngjering av frist for å melde krav i buet, og han har ansvar for å kalle saman til skiftesamling. Dersom ein eller fleire arvingar ikkje er mogeleg å oppspore må skiftet utsetjast, eller dersom nokon av dei seier frå seg sin del av arven, vil den bli fordelt på dei andre arvingane etter lova. Når buet etter den avdøde er avslutta, er det for seint å melde seg.

Vi har ei sak som går på dette temaet. I vårt tilfelle er det skrive ikkje berre eitt, men to testamente. Det gamle testamentet er som namnet seier avløyst av eit nytt testamente, som er mykje meir til gunst for arvingane enn det første. Også i vårt tilfelle slit vi med å nå ut til alle arvingane, og mange av dei ser ut til å ikkje vilje tru på det som er arvelataren sin siste vilje.

Vi går difor offentleg ut for å presentere hovudtrekka i det nye testamentet, slik at arvingane skal forstå at dei ikkje må kome i den situasjon at dei går glipp av arven sin. Den avdøde har testamentert heile sitt himmelske rike, og all sin herlegdom til oss alle, og han tilbyr eit raust forlik: Fred med Gud, og ein ny start! Og det er Jesus som er vinnarloddet. Tar du imot Han, skal du ikkje gå glipp av arven din.

Bjørnar Otterstein

www.hoyanger.kyrkja.no
www.facebook.com/kyrkjaihovanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor

Dalevegen 4. Pb. 159
6991 Høyanger
Telefon: 57 71 41 00
post@hoyanger.kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
Telefon: 57 71 41 00
post@hoyanger.kyrkja.no

Kontorsekretær: Katarina Vattekar

Telefon privat: 97 58 96 55
katarina.maria.vattekar@hoyanger.kyrkja.no

Prost: Reidar Knapstad

Kyrkjevegen 23, 6809 Førde
Telefon kontor: 57 82 81 80
Direkte innval kontor: 57 82 81 83
Mobil: 97 56 82 20
E-post: reidar.knapstad@fordekyrkje.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik (Vikar)
Mobil: 45 22 17 37
E-post: andreas.ester@hoyanger.kyrkja.no

Sokneprest Lavik og Bjordal/Ortnevik

Geir Sørebo, 5962 Bjordal (Vikar)
Mobil: 957 29 172
E-post: god-s@online.no

Kyrkjelydspedagog: Toril Lange,

6947 Lavik
Mobil: 92 2409 66
E-post: toril.lange@eninvest.net

Kyrkjeverje: Bjørnar Otterstein

Kyrkjekontoret i Høyanger
Telefon privat: 57 71 32 23
Telefon kontor: 57 71 41 00
Mobil: 91 76 38 03
E-post: bjornar.otterstein@hoyanger.kyrkja.no

Kantor: Gerda Otterstein

6993 Høyanger
Mobil: 94 18 67 09
E-post: gerda.otterstein@gmail.com

Leiarar av sokneråda:

Høyanger: May-Wenche Fossmark 90 53 90 02
Kyrkjebø: Sturla Bell Fossen 99 49 47 45
Lavik: Tonje Førde Systad 40 84 68 75
B og O: Sissel Sørebo 91 68 93 81

Leiar kyrkjeleg fellesråd:

Kyrkjetenarar

Høyanger: Heike Müller tlf. 99 39 84 97
Kyrkjebø: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77
Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77
Lavik: Bjarne Hellebø tlf. 97 75 10 21
Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12
Audun Engedal tlf. 41 56 36 28
Bjordal: Norvald Bjordal tlf. 97 12 01 27
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

Den store avlinga

Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Fell ikkje kveitekornet i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn. Men døyr det, gjev det stor grøde (Joh 12,24)

Eg sådde nett i drivhuset, med ekstra lys og ekstra varme. Det tok ikkje meir enn tre dagar før spirer frå agurkfrøa viste seg. Ei forunderleg spirekraft og skaparkraft. Hadde posen med frø vorte liggjande i skuffa, så hadde ingen ting skjedd. Truleg ville frøa vore spirekraftige i årevis utan å kome til nytte. No vil frøa gje ei kjempestor avling.

Jesu gjerning nådde ikkje mange menneske så lenge han vandra om i Galilea. Han talte truleg ikkje til fleire enn ein middels norsk prest gjer. Ikkje hadde han høgtalaranlegg heller. Og folk var tunghøyrt den gang som no. Han gjorde sterkt inntrykk på dei menneska han nådde. Fleire fekk livet endra. Men dette var nok berre ein mindre flokk. Då Jesus døydde og vart lagt i grava, starta ei enorm skaparkraft som spreidde hans himmelkraft over heile jorda.


Ikkje berre stod han opp att frå grava, men han vart usynleg nærverande over alt på planeten. Jesus si himmelferd var det store høgdepunktet. Det var ikkje ein dag der han tok farvel med jorda, men det var den dagen Jesus vart like mykje til stades i Hammerfest som i Himalaya.

Det eine mennesket var no tilgjengeleg for alle andre menneske på jorda. Det eine kornet som vart lagt i jorda, hadde gjeve stor avling. Jesus sin død og oppstode i påska har ikkje berre historisk interesse. Det er ikkje noko vi les om berre for å verte påverka av ein god mann sin offervilje. Jesu død og oppstode betyr at Gud er komen nær oss på ein ny måte med sin nåde og si livskraft. Det er vi som er grøda. Det er vi som tek imot han som skal vekse på nytt til evig liv.

Geir Sørebo



Påskemysteriet



Vi er i påsketida. Våren er på veg, og det er flott å oppleve etter alt for mange grå og våte dagar. Kjekt å få påskefri! Men påske er så mykje meir enn den årlege vårfesten. Meir enn påskefjell med kvikkilunsj og appelsiner. Det er eit stort drama, eit mysterium, det som skjer i påska!

Det norske ordet «påske» kjem frå hebraisk «pasja» eller «pesach», det er eit framandord – og dette ordet er faktisk totalt framand for vår menneskeleg erfaring også. Det er så framand for oss, at vi ikkje ein gong har eit ord for det at eit menneske som var død, kom til live att. Påske sprenger grensa for forstanden og språket vårt. Vi må låne ord og seier «stå opp» eller «bli vekt opp» frå døden – som om det var ein vanleg nattesøvn.

Kva var det som skjedde i påska? Jau, Gud oppfylte lovnadane sine frå den gamle pakta, den som bygde på lovgjeringar, og innstifta ei ny pakt som byggjer på rettferd og nåde. Rettferd ved at syndene våre måtte gjerast opp ein gong for alle, og nåde ved at den einaste som kunne kjøpe oss fri frå dommen, var hans eige kjøt og blod, Menneskesonen, Messias,

Jesus Kristus. Fødd til jorda av ei ung kvinne, jomfru Maria, for å oppfylle lova for oss, og for å renne ut sitt blod til frelse for oss alle. Det er dette heile Skrifta vitnar om, og det var det som skjedde i påska. Han gjorde det frivillig for oss! Men han var full av angst då han bad: «Far, er det råd, så lat denne kalken gå meg forbi! Men ikkje som eg vil, berre som du vil.» Han måtte, for det var ingen annan som kunne gjere det.

Difor var han lydige inntil døden. Denne mannen, Jesus frå Nasaret, sann Gud og sant menneske. Han døydde hengande på krossen – dømd som om han var ein forbrytar, utsett for den mest brutale tortur- og drapsmetoden som fantes. Heilt ufatteleg! Ikkje til å halde ut! Han som er den allmektige Gud! Han som er rein kjærleik! Men dette er ikkje slutten. Han var død, men sjå han lever! Han er, og han kjem att.

Dette er ei utfordring for all menneskeleg forstand, ikkje berre for moderne rasjonalistar. Slik var det allereie frå starten av. Ingen kan tru det av seg sjølv. Det fortel evangelia om i alle påskehistorier vi har. Dei fortel at det måtte eit møte med den levande Jesus til, for å kunne tru.

Ingen såg korleis han stod opp frå døden. Det er Det nye testamentet veldig tydeleg på. Det var tre kvinner som kom til grava påskemorgonen. Grava var tom. Dei fekk sjokk! Ein bodberar, ein engel viste seg og sa til dei: «Han er ikkje her, han har stått opp!» Men dei forstod ikkje dette. Dei vart redde og rømde frå grava, og då dei fortalde kva dei har opplevd, vart dei ikkje trudde. Men det var i starten. Så fekk fleire av læresveinane møte han som dei visste var død.

Han synt seg for dei, at han lever! Men alle hadde vanskar med å kunne fatte det. Maria Magdalena var den første som han synt seg for. Ho tenkte først at han var gartnaren. Men då han uttalte namnet hennar, då kjende ho han att.

To av læresveinane som gjekk frå Jerusalem til landsbyen Emmaus i lag med han, kjende han ikkje att. Først då det vart kveld, då han delte brødet, då forstod dei at det var han. Tomas, som ikkje var der, ville seinare røre ved hans kropp for å kunne tru at det verkeleg var sant. Han fekk det, og trudde.

Simon Peter som tre gonger hadde nekta for at han kjende denne mannen, hadde ekstra vanskeleg for å kunne tru at Jesus lever. Men han fekk ei spesiell helsing frå Jesus, at han var tilgitt. Men han måtte tre gonger svare på spørsmålet: Har du meg kjær? «Ja Herre, eg har deg kjær!» Så gjæt sauene mine!

Det tok tid før dei første kristne skjønna kva det var som eigentleg hadde skjedd der og då i påska. Men dei hugsa snart kva han hadde sagt til dei, og kva som stod om han i skriftene. Kvifor han måtte døy, og at han skulle stå opp att.

Døden hans på krossen og oppstoda påskedagen må forståast ut frå Dei Heilage skriftene: Han døydde for å kunne gje sin nåde til oss alle, og han lever, fordi døden ikkje kunne halde på han. Og det forblir eit mysterium, større enn vi anar. Men ein ting er sikkert: Jesus Kristus er vår frelsar. Han har utsletta skuldbrevet mot oss, då han nagla det til krossen!

Korleis kan vi tru at han lever? Ved eiga erfaring! Vi treng å oppleve krafta i hans ord, og bli med på å gå gjennom det som skjedde i påska kvart år på nytt. I år vil vi ha tre heilt spesielle gudstenester i sokna i kommunen, då vi bokstaveleg tala vil «vandre» gjennom det store påskedramaet.

På **skjærtorsdag** feirar vi **påskemåltid** i Lavik slik som vi har gjort allereie i ganske mange år. Ordet «påske» meiner opphavelig den jødiske festen, som minner om frigjeringa frå Egypt, det tyder «gå forbi». Jesus feira eit slikt jødisk påskemåltid med læresveinane dagen før han døydde, og sette inn nattverden då.

Påske er minne- og frigjeringsfesten – og dette er den kristne påska også. Vi sit ved eit langbord i midtgangen i kyrkja og gjer som dei – vi et fleire symbolske matrettar, drikk fire beger med vin (eller druesaft) og har eit varmt måltid. Og vi feirar nattverd.

På **langfredag** blir det **korsvegmeditasjon** i Høyanger kyrkje. Dette er noko heilt nytt vi vil ha for første gong i år. Vi går gjennom lidingshistoria i 14 etappar eller «stasjonar», frå det siste måltidet, til han vart korsfesta, døydde og vart gravlagd. Vi brukar ei rekkje sterke bilete og har korte betraktningar til desse. Det er ei meditatív, ettertenksom gudsteneste med mykje tid for stille og bøn – og med fin musikk.

Påskeaftan rett før midnatt blir det **påskenatts-gudsteneste** i Kyrkjebø kyrkje. Den var for første gong i fjor. Vi byrjar i mørklagd kyrkje, påskelyset blir tent i våpenhuset, og bore inn i høgtideleg prosesjon. Vi les frå skapingsssoga, om utferda frå Egypt, vi les om dåpen som er teiknet på oppstoda frå døden, og til slutt les vi påskeevangeliet. Vi er med på dette og feirer påskegleda, og vi syng flotte påskesalmar.

Desse tre gudstenestene med spesiell dramatisk opplegg håper eg, kanskje folk frå alle sokn i kommunen har lyst til å vere med på. Ved påskemåltidet har det alltid vore slik. Alle er invitert til å oppleve dei – og vi vil gi eit skysstilbod til alle som ønskjer å benytte seg av dette. Det står her i Helgestunder kven du kan ta kontakt med.

Og for ikkje å gløyme det: i tillegg blir det fleire flotte, heilt «vanlege» gudstenester i påskeveka frå palmesøndag til påskedagen. Sjå gudstenestelista bakerst i dette bladet. Dei er ein like viktig del av påskefeiringa i år også. «**Han er oppstanden! Han er sanneleg oppstanden!**»

Riktig god påske alle saman! Andreas Ester,
Sokneprest

**VISITASFOREDRAG VED BISPEVISITAS I LAVIK,
BJORDAL OG ORTNEVIK SOKN 4. – 5. 12.2019**



Foto: Irene Aase Aarseth

Kjære kyrkjelydar!

Takk for fine visitasdagar her i Lavik, og på Sørsida i Bjordal og Ortnevik. Eg har vore i bispestova, og fått møte dei unge på skulegudstenester og dei eldre på helsesenter både i Lavik og i Bjordal. Eg har gått pilgrimsvandring frå stavkyrkja, innom Bønnens hus og til Ortnevik kyrkje saman med ein stor flokk frå bygda. Det starta som fakkeltog, men sjølv om faklane slokna i vindkasta og regnet, så fekk eg møte folk med brennande hjarte til ei fin stund i kyrkja. Særleg hadde eg gledd meg til å få møte og høyra meir om bønhuset. Det er unikt, og det er eit tydeleg vitnesbyrd om Gud. Og kyrkja treng at nokon bed for oss og minner oss sjølv på å be.

På onsdag møtte eg sokneråda og staben til gode samtalar og drøftingar om strategi på Alværa. I Ortnevik besøkte eg Sogn Aqua og fekk både smaka på, læra om og klappa på kveitene. Det er imponerende å møte slike bedrifter langt inne i ein av bispedømet sine fjordar.

Etter ein visitas skal biskopen summera opp sine inntrykk i eit visitasforedrag.

Foredraget er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland, og etter samtale med prost Reidar Knapstad.

Gudstenestelivet

Gudstenesteframmøtet er stabilt, om enn ikkje så imponerende i tal. Men de har tatt tak og arbeider med å auka kvaliteten på gudstenestelivet, de har fleire spesielle gudstenester med involvering og variasjon i musikk og liturgi. Det er bra. Eg vil og gje ros til soknerådet i Bjordal og Ortnevik sokn som starta med kveldsmeditasjonar i Ortnevik kyrkje, og til dei som har starta med aftansong og salmekveldar i kyrkjene i Lavik og i Bjordal. Når folk opplever dette som eit lågterskel tilbod er de på rett veg, og det må de halda fram med. I tillegg gler eg meg over at de planlegg å utvide tilbodet med både Jakobsmesse og Jazzgudsteneste.

Til dykk vil eg seia: Slutt opp om gudstenesta! Hald fast på den gode vanen slik at det å gå til gudsteneste vert det normale, og ikkje unntaket. Du treng gudstenesta, der du får næring for trua, der du får vera ein del av fellesskapet. Og ikkje minst er det eit synleg vitnesbyrd om trua, at dei kristne samlast til gudsteneste. Slik gjev me Gud ære!

Trusopplæringa

Trusopplæringa har sine utfordringar når det er små årskull. Likevel får de til eit godt trusopplæringstilbod til dei fleste aldersgrupper ut frå dei ressursane de har, ikkje minst fordi de har ein dyktig kyrkjelydspedagog som kjenner ungane. På mange årskull er det 100% frammøte, og i 2014 var det 300% frammøte på 6-årsbok i Bjordal og Ortnevik sokn. Det sto ein på lista, og det kom tre! Det er ikkje så mange som slår 300%. Men arbeidet er òg sårbart når det er så små årskull. Det er mange tilbod til borna her i bygdene, og det skal lite til før det vert kollisjonar med andre arrangement. Difor er det fint at de slår saman fleire årskull til felles gudstenester og samlingar, slik at det er noko

for heile storfamilien. De seier sjølv i visitasmeldinga at trusopplæringsplanen må reviderast slik at den svarar betre til røynda. Det er lurt, og det må gjerast på ein fleksibel måte som tar omsyn til at årskulla er så ulike. Ein bør satsa på dei som kjem og det som fungerer i desse bygdene, og halda fram med å samla fleire årskull til dei same samlingane.



Foto: Irene Aase Aarseth

Konfirmant- og ungdomsarbeid

Det er god oppslutning om konfirmasjonen. De har eit godt opplegg i samarbeid med Hyllestad som gjer at konfirmantane kjem år etter år. Utdfordringa er no å føra konfirmantane vidare året etter konfirmasjonen. Då må ein samarbeida med andre kyrkjelydar. Det vart nemnt på samrådsmøtet at mange av ungdomane no drar til Førde for å gå på vidaregåande. Det kan vera ein god idè å laga noko for 10. klassingane saman med Førde, slik at dei vert kjent med det kristne tilbodet der, til dømes Ten.-Sing.

Kyrkjemusikken



Foto: Bjørnar Otterstein

Kyrkjemusikken er viktig for kyrkja. I dag har vi fått oppleva korleis det løftar gudstenesta. Det er flott å høyra Lavik kantori

som song for oss både i dag og på møtet på onsdag. De har og mange konsertar, og det er med på å opna kyrkja for fleire.

Aftansongen etter keltisk og anglikansk tradisjon er eit fint tilskot til kyrkjelivet. Og når 3500 er innom og ser på ein aftansong som vert strøyma på facebook, så betyr det jo at dette er folk interesserte i.

Kyrkjene

Når det gjeld kyrkjebygga og gravplassane vil eg gje kyrkjeverja og kommunen kreditt for at dei er velhaldne og fine, og til glede for folket her.

Diakoni

Eg les i visitasmeldinga om mange gode diakonale tiltak med hyggestund, skysservice og medarbeidarfest. Sjølv fekk eg oppleva Lavik kontaktgruppe i aksjon på helsesenteret her i Lavik då me møtte dei eldre og hadde andakt. Eg vart imponert både over innsatsen, at ein lagar kaffikos kvar veke, og ikkje minst over at det var laga ein særskild song til biskopen. (Den var det Helen Vos som stod bak) Ein slik song trur eg aldri eg har fått før. Det er flott at de gjer ein innsats for eldre og einsame. Skal eingå vidare er truleg ei form for besøksteneste noko det kan vere trong for.

Dugnad og gjevarteneste

De er gode på dugnad her i sokna, det har eg fått høyra fleire gonger. Det er jo til og med dugnad på kyrkjetenar- og klokkartenester her i Lavik. Det står det respekt av.

Med dugnad kan ein få til mykje.

Gjevarteneste er og ei form for dugnad, då kan ein få meir stabil inntekt enn gjennom offer og einskildgåver, slik at ein få til større stillingar t.d. på trusopplæring eller ein innsats på andre område. Dei aller fleste kyrkjer i verda lever av at medlemmer bidrar økonomisk, og det må me læra av dersom vi skal få til meir enn det kommunen og staten gjev oss.

Misjon

De er heldige som har Alværa kyrkje- og misjons-senter her i soknet, det er ein ressurs både for kyrkjelydane her og for området omkring. Eg er glad for at så mange stør opp om senteret no når økonomien er dårleg, og er med på dugnaden som må til for å driva det. Det er òg fint å lesa at bae sokna har misjonsavtale med NMS, og at det enno er ei aktiv misjonsforeining igjen i Bjordal.

Strategi

Strategiarbeidet her i Lavik og Bjordal og Ortnevik, slik vi les om det her i visitas-meldinga, er eit førebilete for andre. Eg vil gje dykk ros for at de har gjennomført ei spørjeundersøking for å finna ut kva folk meiner er viktig, og har tatt dette med i arbeidet med ein strategi. Lavik sokn har ein strategiplan i ti konkrete og gode punkt som viser kva de vil satsa på. Soknerådet i Bjordal og Ortnevik har også eigne satsingsområde som de vil prioritere.

Eg vil særleg ta fram det femte punktet i planen: «Vi vil få til samlingspunkt for menneske «midt i livet», der det er rom for å samtale om trusspørsmål.»

Det er ein nær samanheng mellom dette og to andre punkt, der de vil leggja til rette for å ta opp eksistensielle spørsmål, og å gjera nattverden meir tilgjengeleg og meiningsfull.

Dette er ei viktig satsing, for i våre dagar trengs det tilbod utanom gudstenesta der folk kan både lære om trua og snakka om trua, t.d. om nattverden. I tillegg trengs det arenaer der folk kan møtast til den uformelle praten slik som kveldar med brettspel i Gamlebanken i Bjordal.

Takk

Til slutt vil eg takka for ein visitas med mange gode opplevingar. Takk til alle dykk som står på i det daglege arbeidet og i tillegg har vore med å gjera i stand til visitasen, ikkje minst skal soknepresten, sokneråda, staben og kyrkjevevja ha takk for den gode innsatsen de gjer!

Takk for ei grundig og lesverdig visitas-melding. Takk også til prost Reidar Knapstad som har vore med å leggja til rette og planlegge denne visitasen. Han har vore med heile vegen, og fylgjer opp når biskopen ikkje er her.

Og så nokre utfordringar til dykk, som summerer opp denne visitasen. Om eit år vil eg ha ei melding om korleis det har gått med desse utfordringane:

A. Gå til gudsteneste regelmessig, og hald fram arbeidet med nye gudstenesteformer og kveldssamlingar.

B. Start arbeidet med å revidere trus-opplæringsplanen slik at den svarar betre til røynda.

C. Få i gang eit samarbeid med Førde eller Hyllestad for ungdom etter konfirmant-alder.

D. Sjå om de kan få til ei målretta gjevarteneste, og forkynn fram gjevargleda.

E. Få til samlingspunkt for menneske midt i livet, gjerne undervisnings- eller samtalekveldar.

Med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser herifrå med mange flotte inntrykk frå desse dagane! Eg ynskjer Guds velsigning over kyrkja og folket i Lavik, Bjordal og Ortnevik.

Björgvin bispestol, 8. desember 2019
Halvor Nordhaug



Foto: Irene Aase Aarseth

Min påskesalme



Mari-Ann Lund Fridtun flytta frå Trøndelag til Massneset i 1988. Har jobba som lærar i barneskulen til ho vart pensjonist for 5 år sidan. Ho har også vore søndagsskulelærar og hjelper i dag med trusopplæringa. For tida er ho leiar i Sørsida Pensjonistlag, og ho syng i Lavik Kantori.

«Det finst mange sterke salmar om oppstandelsen i salmeboka, og ein av dei som eg likar godt å syngje er **«Å salige stund uten like»**. Den gjev uttrykk for gleda over påskeunderet både i tekst og melodi.

Å salige stund uten like, han lever, han lever ennu! Han vandrer i seierens rike, min sjel hvorfor sørger da du? Han er ikke lenger i graven, hvor bleknet i døden han lå; jeg levende så han i haven, og aldri så skjønn jeg han så.

Dette er ein salme der Maria Magdalena har ordet. Opphaveleg hadde den tittelen Maria Magdalenas jubel, fordi salmeteksten bygger på forteljinga om møtet mellom ho og den oppstadne Jesus. Etter at Jesus er krossfesta og gravlagt, går Maria ein tidleg morgon til grava. Forskrekka ser ho at grava er tom, og ho tek til tårene. Brått står Jesus framfor ho og seier: «Rør meg ikkje, for enno har eg ikkje stige opp til Far. Men gå til brørne mine og sei til dei at eg fer opp til min Far...». Maria spring så til læreseveinane og seier: «Eg har sett Herren». Og ho fortalde dei kva han hadde sagt til henne.

Han lever, og jeg skal få bringe hans venner det salige ord – tenk jeg som er ringest blant ringe, den minste han kjenner på jord. Tenk jeg skal hans hilsen frembære, å, kunne jeg syngje det ut! Mer kunne ei engler begjære enn gå med så salig et bud.»

Salmen er skriven av Johan Halmrast i 1890, mens melodien er komponert av Kristian Wendelborg.

God påske!

Mari-Ann Lund Fridtun

Lavik kantorikor



Lavik Kantori ynskjer fleire songarar, og vi håpar at du som er mellom 14 og 65 år har lyst til å bli med oss! Har du lyst til å synge, og utvikle deg som songar? Vi syng i ulike sjangrar og på ulike språk, og har du lyst til å bidra musikalsk og sosialt, vil Lavik kantori bli eit kor som stadig når nye mål. Korerfaring og notekunnskap er ønskjeleg, men er ikkje eit krav.

Kantoriet øver kvar tirsdag 20.00 - 22.00 i Lavik helsesenter, og syng i arrangement ca. 5 gonger i året. Kontakt kantor Gerda Otterstein for meir informasjon, nærmare avtale og stemmesjekk. gerda.otterstein@gmail.com eller tel.: 94186709.

Kort om koret:

Lavik kantori er kyrkja sitt damekor, og dekkjer heile Høyanger kommune. Koret vart starta våren 2018, og har no 13 engasjerte damer som er kjernen i koret. Å delta i kyrkjelege arrangement og julekonsertar er korets primære oppgåver. Det er ingen medlemskontingent

Nytt frå kyrkjeverja

Økonomisk resultat 2019

Driftsrekneskapen til Høyanger kyrkjelege fellesråd 2019 er no ferdig saldert og avslutta. Resultatet er eit netto driftsresultat på kr. 86 652, som vert avsett på fellesrådet sitt disposisjonsfond. Mindreforbruket i 2019 utgjer 1,5% av driftsinntektene dette året.

Når det gjeld investeringsreknesskapen 2019, vart det prioritert rehabilitering av taket på Lavik kyrkje, etter at fellesrådet gjorde vedtak om det. I tillegg er det bokført eigenkapitaltilskot KLP på kr. 18 546. Dette gav eit samla finansieringsbehov på kr. 349 772, som er finansiert med 600 000 i investerings-midlar frå kommunen. Det resterande beløpet kr. 316 473 er ført opp som udisponert i Balansen. Rekneskapen 2019 er no sendt til revisjon.

Auke i kyrkjelege betalingsattsar

Høyanger kyrkjelege fellesråd har i sitt møte den 30.01.2020 vedteke slike betalingsattsar:

Årleg gravstellavtale	kr. 1 800
Kistenedsetjing av utanbygds	kr. 7 500
Urnedsetjing av utanbygds	kr. 2 500
Utanbygds gravferdseremoni i kyrkja	kr. 3 000
Oppsetjing/oppretting/sikring av gravminne	kr. 1 200
Fjerning og destruering av gravminne	kr. 1 200
Fjerning av plater og kantstein i plantefelt	kr. 500
Vigselsavgift for utanbygds	kr. 2 500
Kantor – øving/akkompagnering til solist	kr. 400
Kantor – eigne solistoppdrag	kr. 800
Festeavgift pr. år - vedtakast av kommunen	kr. 300

Gravstell - Endra rutine for stell og fakturering

Som omtalt i forrige nummer av Helgestunder legg vi no om systemet for administrasjon av gravstellavtalane, slik at kunden kvart år får ta stilling til om han ynskjer gravstell utført. Tidlegare var det slik at når kunden ein gong hadde bestilt gravstell frå oss, gjekk det vidare automatisk frå år til år, fram til det kom ei kontramelding. No legg vi opp dette slik at stellavtale og faktura med KID for årleg gravstell vert sendt ut i mars, med frist 30. april kvart år. Betalt faktura er ein føresetnad for gravstell. Vi oppmodar kunden om å sende oss kontaktinformasjon med epostadresse slik at vi kan sende dokumentasjon på utført stell, både sommar, haust og til Jul. Dette vert gjort ved hjelp av ein App som oversender bilde til kunden straks stell er utført. Vi håpar at dette blir ei ordning som kunden opplever som ei forbetring.

Overføring av feste

Når vi har fått kjennskap til at ein festar er død, vert det sendt ut skjema for overføring av feste, til nærmaste pårørande. Svarslippen som ligg ved skal returnerast til kyrkjekontoret i Høyanger med oppdatert informasjon om kven som er ny ansvarleg for grava. Dersom du har spørsmål eller treng hjelp til noko, kontakt sekretær Katarina Vattekar på kyrkjekontoret.

Graver som manglar ansvarleg festar

Sæbø gravplass

Olga Husabø, gravlagd 1983
 Åge Larsen, gravlagd 2007
 Bjarne Høye, gravlagd 2015
 Gunvor Nilsen, gravlagd 2020

Kyrkjebø gravplass

Elfrida K. Ytredal, gravlagd 1986
 Marta Trædal, gravlagd 1958
 Marie Austgulen, gravlagd 1991
 Helga Nordgren, gravlagd 1998
 Alma Iversen, gravlagd 1985
 Ragni Austreim, gravlagd 1987

Høgereina gravplass

Haldis Abrahamsen, gravlagd 1994
 Gulbrand Mølmesdal, gravlagd 1981

Lavik gravplass

Birger Ynnesdal, gravlagd 1978
 Borghild Aven, gravlagd 1993
 Thomas Rød, gravlagd 2001
 Astrid Støldal, gravlagd 1985
 Helene Bruaas, gravlagd 1964
 Margit Brattheim, gravlagd 2001

Ikjefjord gravplass

Haldis Årnes, gravlagd 1965
 Jørgen Myrmæl, gravlagd 1961
 Nilsine Østerbø, gravlagd 1947
 Gjertrud Insteffjord, gravlagd 1968
 Andrew M. Østerbø, gravlagd 1976
 Torvald Årnes, gravlagd 1983
 Kari B. Trædal, gravlagd 1938
 Bendik E. Østerbø, gravlagd 1935
 Andrine A. Østerbø, gravlagd 1930
 Nils A. Massnes, gravlagd 1947
 Gabriel Massnesberg, gravlagd 1943
 Berta M. Myren, gravlagd 1947
 Lasse O. Myren, gravlagd 1947
 Ragnar Trædal, gravlagd 1937
 Andrine B. Trædal, gravlagd 1928
 Gjoa T. Aarnes, gravlagd 1926
 Kari Kroken, gravlagd 1999

Bjordal gravplass

Monsine E. Førde, gravlagd 1954

Ortnevik gravplass

Dorothea M. Birkelund, gravlagd 1966
 Gudrun Østerbø, gravlagd 1973

Eigaren av gravminnet, dvs. festar av grava er ansvarleg for at gravminnet ikkje forfell, er til sjenanse eller til fare for dei som ferdast på gravplassen. Ref. gravferdsforskrifta § 26. På dei gravene vi framleis manglar festar ved utgangen av 2020, og som er eldre enn 30 år, vil gravminnet bli tekne bort og destruert. På graver yngre enn 30 år, og som manglar festar ved utgangen av 2020, skal gravminnet få stå eit år til, før det vert teke bort og destruert. Kyrkjeverja



Dåpsgåva

I året som ligg framfor oss, vil vi i kyrkja gi dåpen ekstra merksemd. Kva har vi i dåpen? Kvifor skal vi døypast?

Heilt sidan Jesus bad oss om å døype, har menneska søkt dåp. Dåpen er eit mysterium. Ord kan ikkje fullt ut beskrive det som skjer. Vatnet blir aust opp i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande. Ved evangeliet, det levande Ordet, blir vatnet ei nåde-kjelde. Dåpen gir oss del i påskeforteljinga om Jesus som døydde og stod opp av grava.

Tradisjonen vår er å bere barn til dåpen. Vi feirar det nye livet og legg barnet i Guds hender. Foreldre gjer mange val for barna sine. Når eit barn blir døypt, svarer foreldra og fadrane ja på vegner av barnet. Men det er aldri for seint å bli døypt. Når ungdom og vaksne blir døypte, svarer dei sjølve ja. Også då står fadrar klare til å hjelpe den døypte til å leve i dåpen og trua på Jesus. Bibelforteljingar, bøn, nattverd og tilhøyrsløse i kyrkja er ein del av dåpsvelsigninga.

Vatnet i den kristne dåpen er eit teikn som rommar både liv og død. Vatnet er livsgrunnlaget vårt og samtidig ein trussel. Når vi feirar dåp, set vi derfor òg ord på og tek avstand frå det som er vondt og imot Guds vilje. Det gjer vi i fellesskap når vi forsakar djevelen og vedkjenner oss trua. Dåpen skjermar oss ikkje mot ondskap, synd og destruktive krefter. Han gir oss eit løfte og eit håp om at livskraftene er sterkare, og at Gud tilgir oss og reinsar oss for all urett.

Livet fører oss opp og ned. Vi er både sterke og sårbare og treng å høyre til i ein samanheng. Kor ulike vi enn er, i dåpen blir vi eitt på tvers av alt som skil oss. Dåpen gir oss fellesskap med Kristus og med kristne søsken i den lokale kyrkjelyden og i den verdsvide kyrkja. Dette fellesskapet strekkjer seg over tid og rom, for det er éi tru, éin dåp og éi kyrkje. Det vi får i dåpen, gir oss mot og styrke til å elske Gud og nesten vår.

Dåpen er ei gåve frå Gud, gitt av nåde, tre handfullar vatn, auste opp i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande til evig liv. Vi går framtida i møte saman med Kristus.



Bilete frå bispevisitasane



Dei to øverste foto: Bjørnar Otterstein, nederste foto: Irene Aase Aarseth

Tru i dag

Forandrar innhaldet i den kristne trua seg? Har vi eit anna bilete av Gud i dag enn i eldre tider? Kva utfordringar møter den kristne trua i dagens samfunn? Heilt frå den første kristne tida har kyrkja halde fast på den apostoliske truvedkjenninga, som vert sagt fram i kvar gudsteneste. Men vert vedkjenninga



forstått på same måten i dag som for 1000 år sidan – 100 år sidan eller for 25 år sidan?

Bjordal & Ortnevik sokneråd arrangerer 3 samtalekveldar i lokala til Gamlebanken i Bjordal, der Geir Sørebo innleier.

Dei tre tema er: Eg trur på Gud Fader (torsdag 12. mars) – Eg trur på Jesus Kristus (torsdag 2. april) – Eg trur på Den heilage ande (torsdag 7. mai). Alle samlingane er kl. 19.00.

Bjordal og Ortnevik sokneråd



Foto: Bjørnar Otterstein

Lysmesse i Høyanger kyrkje 2019

På Kyrkjebakken

Dugnad ved Bjordal kyrkje

Måndag 20. april kl. 17.00 kan du vere med på den tradisjonelle vårdugnaden i og ved Bjordal kyrkje. Det er alltid litt å rydde etter vinteren før dei som har ansvaret for kyrkjegardsslåtten byrjar om våren. I Ortnevik kan ein gjere avtale med Joar Oppedal, og når det gjeld Ikjefjord gravplass vil Ingunn Østerbø vere kontaktperson. Når fleire jobbar i lag blir arbeidet ofte triveleg!

Hyggjestund på Sørsida Bygdetun

Laurdag 18. april kl. 15.30 samlast vi igjen på stova til song, trekkspelmusikk, andakt, kaffi og samtale om lokalhistorisk tema. Ta gjerne med deg gåter som vart fortalde før. Vel møtt til dykk som har heimen på Bygdetunet, og til bygdefolk elles!

Kveldsmeditasjonar i Ortnevik kyrkje

Måndagane 16. mars og 25. mai vil Ole Merkesvik Ådland leie ein enkel liturgi og spele gitar frå kl. 20. Deretter er det stilletid for dei som ynskjer å bruke kyrkjerommet til ro og ettertanke fram til kl. 21. Lysgloben er tent. Alle er hjarteleg velkomne!

Påskefeiring på Sørsida

I år er det gudsteneste både i Ortnevik og Bjordal, så då kan vi fylle opp bilane og reise mellom bygdene for å vere saman om å følgje påskedramaet gjennom påskeveka. Palmesøndag blir det gudsteneste i Ortnevik kl. 11. Skjærtorsdag er vi velkomne til å vere med på påskemåltid i Lavik kyrkje kl. 18. Langfredag vil Geir Sørebo ha andakt på Sørsida Bygdetun kl. 16.00, og påskedag kan vi feire oppstoda i høgtidsgudsteneste i Bjordal kyrkje kl.

11.00. Kantor Gerda er med på begge gudstenestene i lag med Geir Sørebo. Hjarteleg velkommen!

Tur til Alværa kyrkje- og misjonscenter

Søndag 7. juni er det Alværastemne med program for heile familien. Vi startar med gudsteneste v/ Ingvald A. Frøyen kl. 11.00. På grunn av middagsserveringa er det påmelding til Alværa tlf. 48990661. Er det fint ver, kan dei som ynskjer det kjenne om vatnet i badebukta er varmt nok. Elles er det god plass til leik både ute og inne. Vi fyller opp privatbilar, og dei som vil vere med frå Sørsida kan kontakte Sissel Sørebo tlf. 91689381. Bjordal & Ortnevik sokneråd.

Kyrkjeskysstil gudstenester i Påska

I år inviterer vi til tre heilt spesielle gudstenester som fører oss inn i det store påskedramaet som soknepresten skriv om. På Skjærtorsdag feirer vi påskemåltid med nattverd i Lavik kyrkje kl. 18.00. På Langfredag er det korsvegmeditasjon i Høyanger kyrkje kl. 17.00. Då går vi gjennom lidings saga i 14 stasjonar. Det blir ei ettertenksom gudsteneste med tid for stillheit og bøn, og med roleg musikk. Påskeafta er det påskennattgudsteneste i Kyrkjebø kyrkje kl. 23.30. Då markerer vi overgangen frå det mørke og håplause som pregar oss etter Jesu død, og vi får oppleve krafta frå hans oppstode Påskemorgon.

Dei som treng skyss for å delta på desse gudstenestene kan kontakte Heike Müller, mobil 99398497, Bjørnar Otterstein, mobil 91763803 eller Irene Aase Aarseth, mobil 97012977. Vel møtt!

DET SKJER PÅ ALVÆRA



Oversikt over arrangement: Følg med på Alværa si facebookside.

Førssommarleir 5. - 7. juni. Denne sommaren er det ikkje leir i sommarferien, men første helga i juni i staden. Vi satsar på bading, uteleik, gode samlingar der vi lærer om Jesus, leirkveldar med mykje moro, og glade dagar saman med nye og gamle vener. Elisabeth Sowerby Dale har hovudansvar for leiren, som bli avslutta saman med Alværastemnet.

Søndag 7. juni: Alværastemnet.

11.00: Gudsteneste ved Ingvald Andersen Frøyen og born på sommarleiren.

12.30: Middag (påmelding)

14.30: Ettermiddagskaffi med årsmøte, åresal og song.

Helga 12. - 14. juni, Familieleir. Vi kjem saman for å byggje fellesskap, og nettopp «byggje» blir eit stikkord for helga. Vi lærer om korleis dei byggjer kyrkje i Estland og andre land, samstundes skal vi byggje noko saman på leiren, kanskje ein gapahuk? Samlingar og aktivitetar for heile familien står i sentrum denne leiren. Påmeldinga startar 15. mars.

Optimisme for Alværa

Måndag 27. januar var Alværastyret samla til møte der det var tid for både tilbakeblikk og evaluering og planlegging av vegen vidare. Vi kunne glede oss over at:

- det hausten 2019 var fleire grupper som hadde arrangement på Alværa for første gong.
- det vart ein kjekk adventsfest med mykje folk, god stemning og god hjelp på kjøkkenet
- dusjane er reparerte og har no både varmt og kaldt.
- lysstolpene på uteplassen har fått nytt armatur som gir godt lys
- 2 nye vaskemaskinar og 1 ny støvsugar gjer ting enklare.
- innkjøp av ein del nye madrasser og nokre rammemadrasser slik at alle kan ligge godt

Vi må jobbe vidare med:

- kva vi gjer med dei 2 utleiehyttene til Alværa, marknadsføring og bruk
- istandsetting av styrarbustaden slik at den kan brukast i samband med arrangement
- vedlikehaldsplan og investeringsplan
- marknadsføring, og det å nå ut til nye grupper
- oppgradering av heimeside

Vi er optimistiske med omsyn til økonomien i 2020. Resultatet for 2019 syner eit overskot, takka vere mykje god dugnadsinnsats frå Alværavener og minimalt med lønsutgifter. Difor kan vi også i 2020 samle born, unge og vaksne om det aller viktigaste på kyrkje- og misjonscenteret vårt. NB! Det er framleis ledige helger til hausten, så planlegg du kurs, seminar, feiring, så ta kontakt (mobil 48990661)

Toril Lange

I GLEDE OG SORG

DØYPTTE

Høyanger kyrkje

19.01.2020 Estelle Valencia Torsnes

Kyrkjebo kyrkje

05.01.2020 Olivia Markeset

01.03.2020 Torian André Gjervik Dønnem

08.03.2020 Liva Raa Moritsgård

08.03.2020 Benjamin Peder Systad Kirkemo

Lavik kyrkje

12.01.2020 Ola Casander Aaning



DØDE

Høyanger

02.12.2019 Ingmund Aven

20.12.2019 Randi Opsahl

06.01.2020 Olav Dønnem

06.01.2020 Oddny Svensson

15.01.2020 Agnes Marifjæren

21.01.2020 Svein Sivertsen

29.02.2020 Åsta Skjerven

Kyrkjebo

08.01.2020 Klara Petrine Brekke

25.01.2020 Inge Gunnar Hovland

Lavik

06.01.2020 Torbjørn Bjørkhaug

02.02.2020 Sigbjørn Avedal

22.02.2020 Gudrun Olina Bjørkum

Bjoldal

13.02.2020 Johanna Nesheim

Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast, som somme plar gjera. Men lat oss setja mot i kvarandre, og det så mykje meir som de ser dagen nærmar seg.” (Heb.10,25)

Gudstenester

29. Mars 4. søndag i fastetida

Kl. 16:00 Hyllestad v/Audun Systad, Andreas Ester og Toril Lange. Samtalegudsteneste for Lavik og Hyllestad

05. April – Palmesøndag

Kl. 11:00 Ortnevik v/Geir Sørebo
Kl. 18:00 Kyrkjebø v/Andreas Ester

09. April - Skjærtorsdag

Kl. 18:00 Lavik v/Andreas Ester

10. April - Langfredag

Kl. 11:00 Lavik Helsecenter, Andakt v/Andreas Ester, Nattverd
Kl. 11:00 Sæle kyrkje, Gudsteneste v/Kjetil Netland, Dåp og Nattverd
Kl. 16:00 Sørsida bygdetun, Andakt v/Geir Sørebo
Kl. 17:00 Høyanger v/Andreas Ester, Korsveg-meditasjon

11. April – Påskeafta

Kl. 23:30 Kyrkjebø v/Andreas Ester
Påskennattsgudsteneste

12. April – Påskedag

Kl. 11:00 Bjordal v/Geir Sørebo
Kl. 16:00 Lavik v/Geir Sørebo
Kl. 17:00 Høyanger v/Andreas Ester

19. April – 2. søndag i påsketida

Kl. 20:00 Høyanger v/Andreas Ester
Gladsang-gudsteneste

26. April – 3. søndag i påsketida

Kl. 11:00 Vadheim v/Runar Matsui-Li, Konfirmasjon
Kl. 11:00 Sæle kyrkje, v/Kjetil Netland, Konfirmasjon
Kl. 18:00 Lavik v/Geir Sørebo

03. Mai – 4. søndag i påsketida

Kl. 11:00 Høyanger v/Runar Matsui-Li, Konfirmasjon

10. Mai – 5. søndag i påsketida

Kl. 11:00 Kyrkjebø v/Runar Matsui-Li, Konfirmasjon

17. Mai – Nasjonaldag

Kl. 10:00 Høyanger v/Andreas Ester
Kl. 11:00 Bjordal v/Geir Sørebo
Kl. 11:15 Vadheim v/Andreas Ester
Kl. 13:00 Kyrkjebø v/Helga Hjetland
Kl. 13:00 Ortnevik Geir Sørebo
Kl. 13:00 Lavik v/Andreas Ester

21. Mai – Kristi himmelfartsdag

Kl. 12:00 Bjordal v/Andreas Ester
Konfirmasjon

23. Mai - laurdag

Kl. 12:00 Lavik v/Andreas Ester
Konfirmasjon

31. Mai – Pinsedag

Kl. 11:00 Høyanger v/Andreas Ester
Kl. 17:00 Vadheim v/Andreas Ester

01. Juni – 2. pinsedag

Kl. 11:00 Kvamsøy kyrkje, Fjordgudsteneste v/Kjetil Netland
Kl. 15:30 Måren v/Andreas Ester
Friluftsgudsteneste

07. Juni - Treeiningssøndag

Kl. 11:00 Alværastemne v/Ingvald Frøyen

14. Juni – 2. søndag i treeiningstida

Kl. 11:00 Kyrkjebø v/Andreas Ester
Kl. 12:00 Friluftsgudsteneste på Sørebo v/ Geir Sørebo
Kl. 17:00 Høyanger v/Andreas Ester

28. Juni – 4. søndag i treeiningstida

Kl. 11:00 Lavik v/Andreas Ester
Kl. 17:00 Vadheim v/Andreas Ester

NB: Det kan skje endringar, så følg med i kalendaren på Facebook, og på heimesida vår: www.hoyanger.kyrkja.no

INFORMASJON Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyange

Kyrkjebø kyrkje sitt 150 års jubileum: Historisk gudsteneste



Jazzgudsteneste

Foto: Bjørnar Otterstein